

Treng ein å tynne furu?



TEKST: BJØRN TVEITE
NORSK INSTITUTT FOR SKOG OG LANDSKAP

I eit innlegg om grantynning har Geir Korsvold i Norsk Skogbruk nr.3 i år også ei setning om at furuskog «fortsatt bør tynnes», utan å seie kvifor. Eg vil gjerne kommentere utsegna.

Eg reknar med at eitt hovudargument for tynning i furu er større dimensjonar i slutthogsten og betre økonomi. Kommentaren min støtter eg på kunnskap om dimensjonutvikling etter 1-3 tynningar som Helge Braastad og eg la fram i ein rapport for 11-12 år sidan. Eit hovudresultat var at det var berre små verknader på middeldiameter av dei 800 grøvste trea pr.ha etter tolleg sterke tidlege tynningar eller ungskogpleie. Samanlikninga var bestand som ikkje var tynna, men som var regulert ned til om lag 2000 tre pr ha ved forsøksstart. Forsøksperioden var i snitt 23 år for furu. Furu skilde seg ikkje frå grana i reaksjon etter vår vurdering. Furu forsøka (fire tynningsforsøk og eitt ungskogpleieforsøk) har vore fulgt vidare frå 5-18 år, i snitt 12 år. Dei ligg på Sør-Austlandet med bonitetar frå F12-F19 ved siste måling. I snitt blei middeldiameteren av dei 800 grøvste trea auka med 0,6 cm ved ei tidleg sterk tynning (ned til 1100 ståande tre pr.ha ved overhøgder på åtte eller 12 meter) etter ein periode på 23 år. Etter 35 år er skilnaden auka til 0,7 cm. Dei sterke tynningane hadde litt mindre diameterar for dei 800 grøvste ved forsøksstart etter første tynning. Er ein snill og korrigerer for dette så har middeldiameteren auka 1.4 cm etter 35 år.


Nokre av forsøksledda hadde første tynning ved 16 meter overhøgde. Furu-feltet på den beste marka, i Elverum

kommuneskog, har ei observasjonstid på 40 år. Her er auken 1 cm for heile forsøksperioden etter ei tynning ned til 1100 tre ved 16 meter overhøgde for 28 år sidan. Overhøgda var ved siste måling rundt 25 meter og mykje av omløpet er unnagjort.

Dei resultatata eg bygger på kjem frå tidlege tynningar som i dag nærast må kallast sterke, seine reguleringar med middeldimensjonar på 30-40 liter. Eg vågar meg på ein figur frå eit ungskogpleieforsøk (felt 957) i Trysil kommuneskog som sist blei målt 34 år etter anlegg våren 1973, fig 1.

Etter sein regulering ved ei overhøgde på syv til åtte meter blei det sett att 813, 1113, 1600 og 1703 tre pr.ha med fem gjentak av kvar behandling. Leddet med flest tre (kontrollen) skulle egentleg ha 2070 tre pr.ha, men tretalet varierer mellom 1325 og 2063 for dei ulike rutene grunna for få tre. Forsøket ligg i ei vellukka naturforynging, bonitet F14.

Eg har samanlikna middeldiameteren for dei 734 grøvste trea pr.ha i dei ulike forsøksledda. Dette er det minste tretalet som står att på ei rute. Figuren speglar



FIGUR 1. Ungskogpleieforsøk i Trysil kommuneskog. Utvikling over 35 år på felt med hhv. 813, 1613 og 1703 trær pr hektar.



IKKE LØNNSOMT: – Dersom ein går med på tala frå innlegget mitt, er det ikkje all verda ein aukar middelprisen ved ein diameterauke på 1-2 cm. Etter mi meining må det difor andre argument til for å seie at ein bør tynne i furu, sjøl i skog utan ungsogopleie, mener Bjørn Tveite. Foto: Per Fossheim

ungskogpleien tolleg bra. Her er det greitt å korrigere for skilnaden mellom ledda ved forsøksstart. Den sterkaste reguleringa («813») har auka middeldiameteren 1,1 cm samanlikna med leddet «1600». For leddet «1113» er auken 0,5 cm. Kontrollen har 0,2 cm mindre diameter enn «1600», i rimeleg samsvar med at det i snitt berre sto 1703 tre pr. ha att etter reguleringa.

I snitt ser altså tidlege tynningar eller ungsogopleie ut til å auke diameteren 1-2 cm på dei om lag 800 største trea pr. ha etter 35 år. Eg har inga rundspørring å stø meg til, men eg trur mange har trudd og meint at tidlege reguleringar eller tynningar hadde verka sterkare på dei grøvre dimensjonane. Eg prøver difor å legge på endå fleire tal frå nokre av dei eldre tynningsforsøka våre, som har hatt ei heilt anna tynningssoge. Eg har funne fram 15 av furuforsøka starta før 1966 med forsøksperiodar mellom 39 og 87 år. Desse forsøka har alle ei urørt rute som kan samanliknast med ei rute som har nemninga ekstra sterk eller sterk tynning. Det er ei blanding av unge og eldre felt, såingar,

plantingar og naturforynging og bonitetar mellom F4 og F20 som er spreidd frå Buskerud til Finnmark. Eg har vald ut stoda om lag 50 år etter anlegg. For kvart felt har eg samanlikna den aritmetiske middeldiameteren av dei N grøvste trea pr. ha for dei to forsøksvariantane, der N står for talet tre som står att på den tynna ruta. Dei tynna rutene har i snitt ståande 571 tre pr. ha ved siste måling. Middeldiameteren er 1,7 cm større for dei tynna rutene etter 49 år. Største skilnaden er 3,7 cm i ei furusåing på F20 frå Sande i Vestfold 51 år etter forsøksstart. Her er overhøgda ved siste måling 26 meter. Vil ein korrigere for ulik utgangsdiameter, er auken 1,9 cm i snitt for dei femten felta.

Dei gamle felta har vore tynna heilt ulikt dei felta eg først tok for meg, med mange tynningar med korte mellomrom og oftast svake uttak. Tynningsmåten har vore fri, der tynninga skal sette att dei beste trea i jamn fordeling Dei er tynna til heilt andre tretal, ofte heilt ned til frøtrestillingar. Verknaden på dei trea som står att til slutt har likevel vore i same

storleiken som for felta med meir aktuelle tynningsintervall, men svake tynningar. Grunnane kan vere fleire. Ein er at mange av dei opprinneleg grøvste trea har gått ut gjennom tynningane eller at tre har skifta rang gjennom forsøksperioden. Det ser ein når ein reknar ut middeldiameteren ved forsøksstart av trea som i dag er dei N grøvste. Då får ein fram eigentleg vekst på trea som står ved siste måling. Skilnaden er då 2,6 cm i snitt mellom urørt og tynna etter 49 år for dei femten felta.

Eg er ingen bedriftsøkonom, men har merka meg prisspenninga på skurtømmer i ulike prislister, som etter minnet var sterkare for 40-50 år sidan. Dersom ein går med på tala frå innlegget mitt, er det ikkje all verda ein aukar middelprisen ved ein diameterauke på 1-2 cm. Etter mi meining må det difor andre argument til for å seie at ein bør tynne i furu, sjøl i skog utan ungsogopleie. Det er leitt for ein mann som er flaska opp med tynningsdiskusjonar og tynningskonkurransar frå ung alder, men slikt får ein godta når tidene skifter.